



Støtte til butikk og drivstoffanlegg

2012 har vore eit aktivt år for Merkur-programmet, med sju nye hovudprogram, omfattande bruk av omstillingsordninga og rekordstort budsjett for tildeling av støtte til daglegvarebutikkar og drivstoffanlegg. Ved utgangen av året vedtok styret å endre regelverket for investeringsstøtte slik at opptil 200 nye distriktsbutikkar kan få tilskot i 2013.

Nytt hovudprogram

Merkurs kompetansehevande utviklingsprogram for daglegvarebutikkar vart revidert våren 2012. Programmet er som tidlegare bygt opp med fem samlingar over eit år, med god oppfølging av konsulent. Men det nye programmet er meir forskjellig frå kjedene sine egne program. Programstyret har godkjent igangsetting av sju nye hovudprogram, med til saman 70 deltakarar.

Det har vore gjennomført sju regionale konferansar for daglegvarebutikkar. 309 kjøpmenn har deltatt på desse samlingane.

Merkur Bok

Programmet for bokhandlar i distriktet har blitt gjennomgått og vurdert, i dialog med Bokhandlerforeningen. Konklusjonen er at Merkur Bok skal halde fram med same tilbod om det ordinære Merkur-programmet, med hovudprogram, besøksordning, omstillingsordning, konferansar og prosjektarbeid. Det har blitt gjennomført to regionkonferansar for bokhandlar.



Oppfølging av butikkane

Ordninga der konsulentane besøker butikken minst ein gong for året, er ein viktig del av Merkur-programmet. Fleire lokalsamfunn har også siste år fått nytte av omstillingsordninga der ein konsulent blir engasjert når det oppstår krevande situasjonar i form av butikk-nedlegging, eigarskifte, nyetablering eller andre krevande omstillingsprosessar. Konsulentane har ein kompetanse på å drive prosessar kombinert med kunnskap om butikkdrift, tilleggsfunksjonar, bygdemobilisering og lokalsamfunnsutvikling som er svært verdifull. Engasjement som Merkur-konsulentar vart utlyst som offentleg anbod ifølge Lov om offentlige anskaffelser. Ni Merkur-konsulentar fekk tilbod om nytt engasjement. Stig Olson vart ny konsulent for Trøndelag/Møre og Romsdal.

Butikken som sosial arena (BSSA)

13 kommunar og 14 butikkar i Nordland og Trøndelag deltar i eit nasjonalt prøveprosjekt for butikken som sosial arena (BSSA). Kring 40 kjøpmenn, ordførarar, rådmenn og næringsssjefar deltok på første samling på Værnes 30.-31.august. Representantane frå kommunane viste stor interesse for å utvikle sine butikkar i samarbeid med kjøpmenn og aktuelle lokalsamfunn. Erfaringar frå dette prosjektet vil bli brukt til å få til betre samarbeid mellom butikkar og kommunar også andre stader.

Satsing på kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet er styrkt ved at engasjementet som kommunikasjonsrådgjevar vart utvida til full stilling. Merkur har satsa på digital kommunikasjon gjennom nettside og Facebook,





med vekt på relevant innhald og hyppig oppdatering. Tett kontakt med ulike media med tips og pressemeldingar har også blitt prioritert. Det har vore viktig å få synleggjort både den rolla distriktsbutikkane spelar i sine lokalsamfunn og Merkur-programmet si rolle som støtte-spelar for dei små butikkane i distrikta. Styret har vedtatt ein offensiv kommunikasjonsplan. Merkur har fått mange, gode oppslag både i lokalmedia og riksdekkande media/fagblad.

Tilskot til drivstoffanlegg

Ei ny ordning med tilskot til drivstoffanlegg vart innført i 2012. Målsetinga var å sikre tilgangen på bensin og diesel i deler av landet der drivstoff-tilbodet mangla eller stod i fare. 41 distriktsbutikker fekk tilsegn om drivstoff-støtte frå Merkur-programmet. Det var størst interesse for ordninga i Nordland, Sogn og Fjordane og Trøndelag. Totalt sett vart det fordelt 8,5 mill. kr.

70 butikkar har fått tilsegn om investeringsstøtte til sjølve butikken, medan 38 butikkar har fått tilsegn om utviklings- og aktivitetsstøtte. Til saman 110 bu-

tikker fekk tilsegn om ulike typar støtte i 2012, mot 165 butikkar i 2011. 17,2 millionar kroner vart fordelt gjennom ulike støtteordningar. Gjennomsnittleg tilskot pr. butikk låg på 158.000 kroner.

Vanskeleg økonomi

4 av 10 daglegvarebutikker i distrikta har så svak økonomi at vidare drift kan stå i fare, dokumenterte ein rapport frå Institutt for bransjeanalyser (IBA). Butikkane held oppe drifta på grunn av økonomisk støtte, små lønnsuttak for eigar eller små kostnader til lokale, drift eller utstyr.

Fleire butikkar har måtte i fjor seie nei til tilbod om økonomisk støtte til investeringar i butikk eller drivstoffanlegg, fordi dei ikkje har makta å finansiere eigen delen på 50 prosent. Mange butikkar har dessutan vore opptekne med å gjennomføre investeringar som dei fekk tilsegn om i 2011. Dette er hovudgrunnen til at talet på søknader om støtte gjekk ned i 2012, samanlikna med året før.


Forbetra støtteordning

Programstyret har arbeidd mykje

med revisjon av regelverket for investeringsstøtte for daglegvarebutikker. På årets siste styremøte vart det gjort vedtak om at det generelle avstandskravet på 10 km står fast, men at grensa for maksimal omsetnad blir auka frå 7 til 10 millionar kroner. Det blir også opna for at avstands- og omsetnadskrav kan fråvikast etter ei fagleg vurdering. Maksimal støttesum blir heva til 400.000 kroner. Dei minste butikkane med under 7 mill. kroner i omsetnad og over 10 km avstand til næraste butikk, skal få 75 pst. investeringsstøtte, mot tidlegare 50 pst. Endringane i regelverket blir innført med verknad frå 1.1.2013. Det er venta at dei nye reglane skal føre til større etterspurnad etter tilskotsmidlar, slik at fleire butikkar kan bli rusta opp og moderniserte.

Dette er eit utdrag av årsrapporten for 2012 som Merkur-programmet har levert til Kommunal- og regionaldepartementet.


Inge Ryan
Styreleiar


Helge Schei
Dagleg leiar



MERKUR
- FOR BUTIKKEN OG BYGDA

Postboks 200, 6801 Førde
Telefon: 90 72 62 90
www.merkur-programmet.no